

Populært med innebandy

17.03.2010



**Aktivitetshuset får etter kvart eit allsidig tilbod med omsyn til treningsutstyr og eit døme på det er innebandy-utstyret som var på plass i fjor haust. Og allereie no kan ein konstatera at det er populært og blir mykje nytta.**

**Det blir til dømes brukt både under det populære allidrett-opplegget til Catrine og Steinar Haugland og sjølvsagt av turngruppene og skulen..**

Korleis utstyret vart anskaffa er eit positivt kapitel for seg.

Det skjedde gjennom helselaget, som gjorde turngruppa merksam på eit spesielt barne- og ungdomsfond - Midttunheimfondet - som er disponert av fylkeshelselaget og som ein kunne søkja.

Det vart sett opp ei ynskjeliste som enda på nesten 20.000 kroner og som vart innvilga i sin heilheit. Dermed fekk ein ikkje berre innebandyutstyr, men også markeringsvestar og to turnbenkar.

På biletet over er allidrett-gjengen samla rundt bandymålet i kveld - til den nest siste treningsøkta i vinter.

(Foto: Ola Matti Mathisen)